



KOMMUNEREFORMA



Fordelar for studiestaden. Høgskulelektor Kristian Ihle Hanto (f.v.), dekan Tone Jøran Oredalen og administrasjonssjef Erik Aarnes meiner det for høgskulen og studiestad Bø berre er fordelar ved ei kommunesamanslåing. Foto: Gro B. Røiland

Ynskjer ein sterk vertskommune

Ein sterk vertskommune er svært viktig for studiestad Bø i framtida. Det er Tone Jøran Oredalen, Erik Aarnes og Kristian Ihle Hanto ved Høgskolen i Sørøst-Noreg einige om.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no

Kor dei geografiske grensene for denne kommunen bør gå, vil ikkje dekan Oredalen, administrasjonssjef Aarnes eller høgskulelektor Hanto uttale seg om. Det viktigaste for dei tre høgskuletilsette er at studiestad Bø har ein slagkraftig kommune i ryggen i åra som kjem.

– Me ynskjer å vera plassert i ein sterk kommune som vil noko i forhold til høgskulen. Det har vore og er viktig, og det vil

i framtida bli ekstremt viktig. Høgskulen er nå organisert på åtte studiestader. Da er det viktig å vera regionalt forankra, seier Oredalen.

– For dei tilsette er det ein fordel å tilhøyre ein sterk vertskommune. Nå kan ein gjerne rekne Bø som ein sterk vertskommune, men eg veit om mange andre studiestader i landet som haustar fordelar av sterkare og meir folkerike vertskommunar. For høgskulen vil det vera meir effektivt og formålstenleg å ha å gjera med ein ordførar med meir kjøttvekt, seier Hanto.

God vertskommune

Administrasjonssjef Aarnes gjev honnør til Bø kommune som vert for høgskulen.

– Bø kommune har i alle år vore ein god vertskommune og er eit godt eksempel for andre vertskommunar. Bø har heilt sidan 1971 skjona kor viktig høg-

skulen er, seier Aarnes.

For høgskulen er det viktig å samarbeide med verda utanfor campus. Ein stor kommune kan gje studentane større moglegheiter, meiner Aarnes.

– Me treng at studentane kjem ut i praksis, gjer oppgaver for og har kontakt med røynda utanfor. I ein storkommune kan det også bli meir naturleg for Nome og Sauherad å ta kontakt med høgskulen. Det skjer også nå, men det kan gjerne bli meir, seier Aarnes.

Fusjonsvind

Oredalen peikar på at det går ein fusjonsvind over landet som slår ut på mange område.

– Einingane blir større og ein del nyansar kan bli borte. Det er eit stort poeng og svært viktig å ha sterke kommunar som ser verdien av, nyttar seg av og framsnakkar den enkelte studiestaden. Dette blir også svært

viktig for studiestad Bø, seier Oredalen.

– Er Bø som studiestad truga?
– Det viktigaste er at me fortsatt greier å rekruttere studentar og gode fagfolk, seier Oredalen.

– Gjennom ein del år har Høgskolen i Telemark hatt undersøkingar på studenttilfredshet, og Bø har alltid hatt best skår. Den beste marknadsføringa me kan ha er fornøgdde studentar, seier Aarnes.

Nest størst

Høgskolen i Sørøst-Noreg, som offisielt oppsto ved årsskiftet, er i landsmålestokk ein betydeleg studieinstitusjon med 17.000 studentar og 1500 tilsette, fordelt på åtte studiestadar.

Bø er – etter Horten - nest størst målt i tal på studentar. 2700 studentar høyrer til studiestad Bø, av desse held 2.300 til på campus Bø. Det er rekord i bygdas 45-årige historie som

studiestad.

Etter fusjonen med Vestfold og Buskerud blir ikkje studiestad Bø lenger ei fagleg og administrativ eining. Studiestad Bø med alle sine tilsette blir verande, sjølv om studia og faginstitutta i Bø skal organiserast inn på tre fakultet i HSN-systemet. Alt i alt blir det fire fakultet i den nye institusjonen, men fakultet skal driftast frå dei ulike studiestadene uavhengig av geografisk plassering.

Det pågår nå ein prosess for å dele høgskulen inn i faglege og administrative einingar. Denne prosessen skal vera landa for sommaren. Da skal det vera tilsett fire dekanar, to viserektorar, ein prorektor og tre direktørar. Kven det blir, skal avgjerast 12. mai.